



ÅRSMØTE I OSTERØY IDROTTSLAG 2009



Meldingsåret 2008

9. mars 2009 kl. 19.00

Osterøy Stadionbygg

SAKLISTE

SAK 1 Godkjenning av innkalling og sakliste, og godkjenning av stemmeretten til årsmøtedeltakarane.

SAK 2 Val av ordstyrar, referent og 2 til å underskriva årsmøtereferatet.

SAK 3 Årsmelding for 2008 inkl. gruppene sine årsmeldinger

SAK 4 Rekneskap for 2008 og disponering av årsresultat

SAK 5 Revidert lagslov

SAK 6 Organisasjonsplan

SAK 7 Fellesmål for OIL 2009-2011

SAK 8 Budsjett/medlemspengar

- Medlemspengar 2010
- Budsjett 2009, samlebudsjett for gruppene og detaljbudsjett for hovudlaget.

SAK 9 Val.

- Styre, gruppestyra og revisorer
- Utsendinger til ting og møter i organisasjoner idrettslaget er tilslutta
- Valnemnd til hovedstyre



ÅRSMØTE I OSTERØY IDROTTSLAG 2009



Utgreiingar:

SAK 5 Revidert lagslov

Ved godkjenning i Idrettsstyret av Lagslova, som vart revidert på årsmøte i 2008, viste det seg at lovnormen som me hadde fått tilsendt frå NIF ikkje var fullstendig. Feilen var at det mangla fotnote til siste avsnitt til §7 Kjønnsfordeling. Lagslova er no revidert i henhold til tilsendt lovnorm.

SAK 6 ORGANISASJONSPLAN

Etter basis-lovnorma skal årsmøte kvart år vedta laget sin organisasjonsplan. OIL sin første organisasjonsplan vart vedteke på årsmøte i 2008.

I forhold til vedteken plan blir gjort framlegg om følgjande endringer/tillegg:

- I staden for ein vald kasserar skal eit styremedlem ha eit særskilt ansvar for økonomifunksjonen. Dagleg leiar gjer mykje av det daglege arbeidet som kasserar tradisjonelt har hatt ansvar for.
- Styret har ansvar for at alle som skal utføre oppgaver for OIL som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold overfor barn og ungdom under 18 år eller utviklingshemma har vist gyldig politiattest.

SAK 7 Fellesmål for OIL 2009-2011 (ny)

Sidan 1994 har hovudstyret utarbeida handlingsplan for verksemda til OIL. Gjennom ein aktiv prosess der alle gruppene har delteke, har det kome opp forslag om at planen bør innehalda hovedmåla for aktiviteten i laget gjennom ein to-års periode. Planen blir vedteke av årsmøte. Med basis i denne utarbeider hovedstyre sin konkrete handlingsplan for året.

SAK 4 REKNESKAP 2008 OG DISPONERING AV ÅRSRESULTATET

- Resultatrekneskap og Balanse for OIL samla og for dei einskilde gruppene vert lagt fram på årsmøte.
- Framlegg til vedtak:
 - Årsmøtet godkjenner rekneskapen slik den ligg føre. Disponering av overskot/underskot slik det framgår av rekneskapen vert gjort opp mot dei einskilde gruppene/hovudkassen sin konto 2050 Annan eigenkapital.



ÅRSMØTE I OSTERØY IDROTTSLAG 2009



SAK 8 BUDSJETT

Medlemspengar

På årsmøte i 2008 vart det vedteke at årsmøte vedtek medlemspengar for neste år, dvs. i dette tilfelle for 2010. Medlemspengane vart auka frå og med 2008 med kr 50,- for vaksne og kr 25,- for born. Styret foreslår difor at medlemspengane for 2010 blir uendra dvs.:

Barn kr. 225,-

Vaksne kr. 450,-

purregebyr på kr. 50 pr. purring

Laget får ein del nye medlemer kvart år når skulane byrjar att. Styret vil foreslå at det medlemer som melder seg inn i OIL f.o.m. 01.08. i året betalar $\frac{1}{2}$ medlemspengar for første året.

Budsjett 2009, samlebudsjett for gruppene og detaljbudsjett for hovedlaget

Budsjett for OIL fordelt gruppevis og for hovedlaget vert lagt fram på årsmøte.

Heimesida:

Internettsidaene til OIL vert drifta av Argo Internett. Reine driftskostnader er om lag kr 25 000,- pr. år. I tillegg til reine driftskostnader må ein kvart år rekne med kostnader til vedlikehald, utvikling og oppgradering av heimesida. Gjennom sal av annonser og reklame på heimesidene, er målsetningen å gjere internettsatsinga sjølvfinansierande. På grunnlag av fleire fellesmøter med gruppestyra og hovudstyret er det utarbeidd eit notat som skal regulere annonsering og sponsorprofiling på heimesida i OIL. Her går det m.a. fram at gruppene har ansvaret for å selje det alt vesentlege av den definerte annonseplassen. Kvar gruppe får behalda inntektene frå sala sine, mot at dei er med på å dekke utgiftene til drift og utvikling etter følgjande modell:

Årsmøte vedtek budsjett for drift og utvikling av heimesidene. Det budsjetterte utgiftene vert fordelt på gruppene etter same fordelingsnøkkel som ved fordeling av midler til gruppene frå hovedkassen, dvs. medlemstal for kvar gruppe.

Forslag frå styret:

Budsjett for drift og utvikling av heimesidene i 2009 er kr 50 000,-.

Utgiftene for 2009, maksimert til budsjettsum, blir fordelt mellom gruppene med basis i medlemstal pr. 1.1.2009. Dersom det er fare for budsjettoverskridning må gruppene varslast om dette i god tid på førehand. Det må då avklarast om dette kan aksepterast, og om gruppene tek på seg det økonomiske ansvaret for overskridninga.



ÅRSMØTE I OSTERØY IDROTTSLAG 2009



REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I OSTERØY IDROTTSLAG 2009

Stad: Klubbhuset

Tid: 9. mars 2009 kl. 19.00-21.45

Frammøte: Det møtte 15 medlemmer: Eirik Bergan, Ragnhild Balsvik, Johannes Borge, Stein Evensen, Bernt Flæsland, Trude Jacobsen, Geir Kleppe, Kjersti Kleppe, Tore Langeland, Svein Lohne, Eystein Markmanrud, Lisbeth Neu, Sigbjørn Reigstad, Askil Solberg, Jørgen Varden.

SAKLISTE

- SAK 1** Godkjenning av innkalling og sakliste, samt stemmerett til deltarane.
Innkallinga og saklista vart einstemmig godkjend. Årsmøtet vedtok at dersom det vert behov for kontroll av stemmerett kan medlemslistene sjekkast.
- SAK 2** Val av ordstyrar, referent og 2 til å skrive under møteprotokoll.
Bernt Flæsland vart valgt til ordstyrer, Ragnhild Balsvik til referent, og Kjersti Kleppe og Svein Lohne vart valde til å underskrive referatet frå årsmøtet.
- SAK 3** Årsmelding for 2008 inkl. gruppene sine årsmeldingar.
Årsmelding vart delt ut og Jørgen Varden gjekk gjennom nokre av hovudpunktene i årsmeldinga. Denne vart godkjend av årsmøtet.
- SAK 4** Rekneskap for 2008 og disponering av årsresultat. Fellesrekneskap for heile OIL vart delt ut og gjennomgått av Tore Langeland. Revisjonsberetning frå 4 revisorar låg føre, dei har hatt nokre få merknader men tilrår at rekneskapen for kvar gruppe vert godkjend. Ein merknad frå revisor for turngruppa er at gamle krav på medlemspengar bør nedskrivast og ikkje førast som fordring når det er opplagt urealistisk å få inn desse pengane. Prosjektrekneskap for kunstgrasbana vart også utdelt og gjennomgått. Dette prosjektet er eit stort løft for OIL og laget er ikkje i hamn med finansiering av sponsor og gavemidlar.

Vedtak: Årsmøtet godkjende den framlagte rekneskapen slik han låg før, med følgjande endringar:

- 1. Styret får fullmakt i samarbeid med turngruppa å gjere dei nødvendige justeringar i samband med uteståande krav på medlemspengar for denne gruppa.*
- 2. Disponering av overskot/underskot slik det framgår av rekneskapen vert gjort opp mot dei einskilde gruppene/hovudkassen sin konto 2050 Annan eigenkapital..*



ÅRSMØTE I OSTERØY IDROTTSLAG 2009



SAK 5

Revidert lagslov.

NIF har ikkje godkjend OIL sin reviderte lagslov frå årsmøtet i 2008 pga ei manglande fotnote som ikkje var med i lovnorma frå NIF som var grunnlaget for revideringa av lagslova i fjar.

Vedtak: Årsmøtet godkjende lagslova med den nye fotnota inkludert.

SAK 6

Organisasjonsplan.

Etter basis-lovnorma skal årsmøte kvart år vedta laget sin organisasjonsplan. OIL sin første organisasjonsplan vart vedteke på årsmøte i 2008. Forslag til ny organisasjonsplan vart lagt fram for årsmøtet. I forhold til vedteken plan blei det jort framlegg om følgjande endringar/tillegg:

- I staden for ein vald kasserar skal eit styremedlem ha eit særskilt ansvar for økonomifunksjonen. Dagleg leiar gjer mykje av det daglege arbeidet som kasserar tradisjonelt har hatt ansvar for.
- Styret har ansvar for at alle som skal utføre oppgaver for OIL som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold overfor barn og ungdom under 18 år eller utviklingshemma har vist gyldig politiattest.

Vedtak: Organisasjonsplanen vart einstemmig vedteke.

SAK 7

Fellesmål for Osterøy IL.

Dokumentet vart lagt fram for årsmøtet. Dette er eit strategidokument basert på Johannes Borge sine møter og drøftingar med alle gruppene. Ein tidlegare versjon av dokumentet vart drøfta på fellesmøte med gruppene i slutten av januar 2009. Johannes Borge gjorde greie for dette arbeidet. Meininga med dokumentet er at det skal vere eit styringsverktøy for arbeidet i OIL i kommande treårs periode. I forhold til utdelt dokument vart det diskutert nokre endringar. Med basis i denne utarbeider hovedstyret sin konkrete handlingsplan for året.

Vedtak: Årsmøtet godkjende dokumentet med dei føreslåtte endringane. Justert dokument er vedlagt referatet. Nytt namn på dokumentet er Strategiske mål for OIL

SAK 8

Budsjett/medlemspengar

➤ Medlemspengar 2010

På årsmøte i 2008 vart det vedteke at årsmøte vedtek medlemspengar for neste år, dvs. i dette tilfelle for 2010. Medlemspengane vart auka frå og med 2008 med kr 50,- for vaksne og kr 25,- for born.

Vedtak: Medlemspengane for 2010 blir uendra dvs.:

Barn kr. 225,-

Vaksne kr. 450,-

purregebyr på kr. 50 pr. purring

Laget får ein del nye medlemer kvart år når skulane byrjar att. Dei som som melder seg inn i OIL f.o.m. 01.08. i året betalar ½ medlemspengar for første året.



ÅRSMØTE I OSTERØY IDROTTSLAG 2009



- Budsjett 2009, samlebudsjett for gruppene og detaljbudsjett for hovudlaget.

Budsjett for 2009 vart lagt fram til drøfting. Johannes Borge nemnde at ein konsekvens av det vedtekne strategidokumentet i sak 7, der eit strategisk mål er satsing på kompetanseutvikling i laget, er at det vert sett av midlar til kompetanseutvikling/kursing i budsjettet for 2010.

Vedtak: Årsmøtet godkjende det framlagte budsjettet. Spesielt vert budsjett for drift og utvikling av heimesidene i 2009 kr 50 000,-. Utgiftene for 2009, maksimert til budsjettsum, blir fordelt mellom gruppene med basis i medlemstal pr. 1.1.2009. Dersom det er fare for budsjettoverskridning må gruppene varslast om dette i god tid på førehand. Det må då avklarast om dette kan aksepteras, og om gruppene tek på seg det økonomiske ansvaret for overskridninga. Inntektene frå sal av annonser på heimesida går til dei gruppene som sel annonseplass. Turngruppa må finne inndekning for sin del av utgiftene til drift av heimesida innafor sitt budsjett.

SAK 9

Val.

Vedtak: Alle val/vedtak var einstemmige, og er sett opp nedanfor:

STYRET:

Leiar	Jørgen Varden	09
Nestleiar	Eystein Markmanrud	09
Sekretær	Ragnhild Balsvik	09/10
Styremedlem	Geir Kleppe	09
Styremedlem	Listbeth Neu	09/10

Styret får fullmakt til å komplettere styret med eitt styremedlem og 2 varamedlem Fotballgruppa oppmodas sterkt til å stille med ein kandidat til styret; med bakgrunn i den viktige sluttfasen i arbeidet med å få kunstgrasbana ferdig og i drift.

Revisorar for 2009 rekneskapen: Roger Breivik, Laila Borge, Bjarte Lohne, og Svein Lohne.

Valnemnd for hovedstyret: Svein Lohne (leiar), Askil Solberg, Kari Hestnes og Johannes Borge (vara), alle vald for eitt år.

Styret får fullmakt til å utpeika representantar til ting og møter i organisasjonar idrettslaget er tilslutta.

Underskrift: Kjersti Kleppe

Svein Lohne

Referent: Ragnhild Balsvik
Endeleg referat: 19.04.2009